

200707816 - 1

511

KTN/ME

Til vedlagte adresseliste

Vår ref
02/02186-11

Dato
14 SEPT 2007

Statkraft Development AS - Magerøya vindkraftverk - klage på NVE vedtak om avslag på konsesjon

I

Statkraft SF søkte 18.12.2003 om anleggskonsesjon etter energilova for bygging og drift av eit vindkraftverk på Magerøya i Nordkapp kommune. Statkraft Development AS (Statkraft) står no som søker og klagar.

Vindkraftverket som er planlagd skal ha ein samla installert effekt på ca 50 MW med ein forventet årleg produksjon på ca 185 GWh. Ut frå kva vindturbinar som vil vera tilgjengelege på marknaden på utbyggingstidspunktet, vil nominell effekt for kvar turbin vera mellom 2 til 5 MW. Eit vindkraftverk med 2 MW turbinar vil såleis ha 25 turbinar, medan eit kraftverk med 5 MW turbinar vil ha 10 turbinar. I søknaden blir det presisert at mellomløysingar kan vere aktuelle.

Avhengig av mølletype vil navhøgda variere frå 70-100 meter, medan rotordiameteren vil variere frå 76 - 110 meter.

Vindkraftverket er planlagd på Honningsvåg fjellet vest for Honningsvåg sentrum og sør for Nordkapp turistsenter. Høgda over havet til det aktuelle området er ca 300 meter. Vindmøllene er planlagd plassert i 3 til 5 rekker. Langs og mellom rekkene vil det bli bygd mellom 7,2 - 12,3 km interne veger, avhengig av kva for turbinstorleik som blir vald. Ved kvar vindmølle vil det bli planert montasje plass for mobilkran. Tilkomstvegen til området vil vera mellom 1 km til 2,5 km.

Kablane på 22 kV frå kvar av vindmøllene skal etter planen i hovudsak leggest i vegane fram til Honningsvågjellet transformatorstasjon sentralt i vindparken. Transformatorstasjonen skal ha kapasitet på 55 MVA. Transformatorstasjonen skal knyttast til to eksisterande 66 kV luftliner via jordkablar. I tilknytning til stasjonen er det planlagt eit servicebygg.

Det planlagde området har gode vindressursar og Statkraft reknar med at det 70 meter over bakken vil vera ein midlere vindstyrke på i underkant av 10 m/s. Det er vidare kort avstand frå planområdet til vegar og kraftliner. Investeringane vil vere ca kr 400 millionar.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) avslo konsesjonssøknaden i vedtak frå 5.10.2004.

Vedtaket blei påklaga av Statkraft den 22.10.2004 og utdjupa i brev frå 15.11.2004, 6.9.2005 og 21.11.2005.

Nordkapp kommune påklaga vedtaket i brev frå 25.10.2004. Kommunen har seinare kome med merknader i brev frå 22.12.2005.

Reinbeitedistrikt 15 har i heile klagesaksprosessen vore representert ved advokat Roger Ness. Reinbeitedistrikt 15 er omorganisert, og omtaler seg no som Magerøya siida, og dette namnet vil departementet nytte i det følgjande. Magerøya siida har kome med merknader i brev frå 6.1.2005, 21.10.2005 og 20.1.2006.

NVE opprettheldt sitt vedtak i brev frå 8.2.2005 og oversendte saka til Olje- og energidepartementet for endeleg avgjerd.

Olje- og energidepartementet var på synfaring den 24.8.2005. På synfaringa deltok representantar frå Forsvarsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Magerøya siida saman med advokat Roger Ness, områdestyret for reindrift i Aust-Finnmark, Reindriftsforvaltinga i Aust-Finnmark, Nordkapp kommune, Statkraft, Forsvarets Logistikk Organisasjon (FLO), Nordkapp reiselivsforum og Nordkapp reiseliv. Møtet og synfaringa var ope for alle interesserte. Sametinget, Fylkesmannen i Finnmark, Finnmark fylkeskommune og Statsskog var særskilt invitert til å møte, men møtte ikkje.

Nordkapp Reiselivsforum har i brev frå 25.8.2005 kome med merknader mot ei utbygging.

Statkraft oversendte den 21.11.05 ei oppdatert konsekvensutgreiing for vindkraftverkets påverknad på reindriften. Denne utgreiinga blei gjort av Universitetet i Oslo, Biologisk institutt, i november 2005. Den fyrste rapporten kom i 2002.

Olje- og energidepartementet sendte ved brev frå 30.11.2005 og 05.01.2006 utgreiinga på høyring til Landbruks- og matdepartementet, Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Nordkapp kommune, Magerøya siida og reindriftsforvaltninga i Aust-Finnmark. Nordkapp kommune sin uttale kom i brev frå 22.12.2005. Kommunen ber om at departementet stiller vilkår til Statkraft for å avhjelpe problem som vindkraftverket vil skape for reindriften. Magerøya siida kom med sin uttale 20.01.2006.

II

Klagarane har i hovudsak vist til:

Statkraft hevdar at avslaget på konsesjonssøknaden i all hovudsak er knytt til dei moglege konsekvensane for reindrift, Forsvarets radaranlegg og sivil luftfart. Statkraft ber om at departementet handsamar klagen ut frå det materiale som NVE har hatt tilgjengeleg, og med dei tilleggsopplysningane som departementet kan få tilgang til.

Nordkapp kommune har ikkje grunngjeve si klage.

III

Olje- og energidepartementet vil på grunnlag av sakas dokument og det som kom fram under synfaringa 24.8.2005 kome med følgjande merknader:

Innleiingsvis vil departementet peike på at eit forvaltningsorgan ikkje har noko plikt etter forvaltningslova § 25 til å imøtegå alt det ein part har vist til. Departementet vil ta for seg dei spørsmåla som er nødvendig for å ta stilling til saka.

I vurderinga om det skal gjevast konsesjon må fordelane og ulempene ved den planlagde vindmølleparken vegast opp mot kvarandre.

Verknader for turisme, landskap og friluftsliv

Nordkapp er eit nasjonalt turistmål med eit stort antall besøkande. Honningsvåg hamn er ei stor cruisehamn med mange anløp i året. I samfunnsøkonomisk rapport frå 2002 er det rekna med at turistnæringa sysselset meir enn 150 årsverk på Magerøya. Nordkapp-plataet er sentralt for marknadsføringa av Noreg som turistnasjon og Nord-Noreg spesielt.

Det planlagde vindkraftverket vil vera ca 15 km sør for Nordkapp turistsenter. Ein vil kunne sjå møllene i horisonten frå Nordkapp. Vindmøllene vil ikkje vera synleg frå Honningsvåg og i liten grad frå andre stader der det bur folk. Vindmøllene vil vera synleg frå delar av vegnettet på Magerøyplataet.

Fylkesmannen i Finnmark meiner at vindparken vil redusere verdien av området for friluftsliv og går imot denne utbygginga.

Departementet er av den oppfatning at vindkraftverket vil ha negative verknader for landskapsbiletet på Magerøya.

Forsvaret

Departementet legg til grunn at Forsvarsbygg har konkludert med at utbygginga vil medføre store ulemper for Forsvarets radaranlegg. Den framlagte dokumentasjonen frå Statkraft knytt til problem for radaren på Magerøya har i liten grad endra Forsvarets syn om at vindkraftverket vil medføre store ulemper for Forsvarets radaranlegg.

Verknader for reindrift

Magerøya siida har 12 driftseiningar og om lag 50 personar direkte involvert i drifta. Fastsett reintal i 1996 var inntil 4500 dyr. I følge Magerøya siida var reintalet i distriktet ca 4270 pr 29.6.2004. Heile Magerøya nyttast som sommarbeite i perioden frå april til september. Kalving skjer både i planområdet og i områda rundt.

Magerøya siida har vist til at planområdet med tilstøytande areal er hjartet i beiteområdet på Magerøya, og er imot alle formar for utbygging av vindkraftverk på Magerøya. Planområdet blir i dag nytta som kalvingsplass, luftings- og beiteområde, flytte- og trekklei og oppsamlingsplass for merking og slakting. I rapporten frå Universitetet i Oslo frå 2005 heiter det at planområdet har relativt bra sommarbeite, og at området generelt har stor til middels verdi for reindriften. I dei seinare åra har beiteområdet for reinen blitt pressa ved fleire store inngrep mellom anna den nye vegen på sørsida av Magerøya som er tilkomstvegen til Fatima-tunnelen.

Universitetet i Oslo konkluderar i rapporten frå 2005 med at planområdet får ein kraftig redusert bruk frå reinsdyra i anleggsperioden. Under driftsperioden vil høgare uronivå kunne føre til ein reduksjon av kalvinga i området. Den samla verknaden av auka aktivitet kan bli så sterk at reinsdyra ikkje brukar området som dei elles ville gjort. Rapporten klassifiserar verknaden for reindriften som stor/middels negativ under anleggsfasen, og som middels negativ under driftsfasen av vindkraftverket dersom ein sett i verk avbøtande tiltak. Vindkraftverket kan vere eit stengsel for reinen særleg for trekkruiter mot Helneshalvøya og såleis gjere det vanskelegare å utøve reindriften på Magerøya. Magerøya er også eit avgrensa geografisk område i høve til andre beiteområde i Finnmark som ligg på fastlandet. Departementet har på same måte som NVE kome til at skadeverknadene for reindriften vil bli store ved ei vindkraftutbygging i eit pressa område for denne næringa.


Departementet har lagt vekt på at Finnmark fylkeskommune, Sametinget og Reindriftsforvaltninga i Aust-Finnmark er imot denne utbygginga av omsyn til reindriften.


Departementet har etter ei heilskapsvurdering kome til at Magerøya vindkraftverk ikkje bør gjevast konsesjon. Departementet har vurdert alle dei fordelar som anlegget vil gje sett i samanheng med ulempene for landskap, radaranlegg og reindrift. Skadeverknadene for reindriften veg særst tungt i denne saka ettersom det planlagde utbyggingsområdet har stor verdi for denne næringa.

Departementet stadfester NVE sitt vedtak frå 5.10.2004.

Departementets vedtak er endeleg og kan ikkje påklagast jfr forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Etter fullmakt


Per Håkon Høisveen
ekspedisjonssjef


Kjell Alstad

avdelingsdirektør

Kopi:

Magerøya siida v/advokat Roger Ness, Postboks 1015, 9260 Tromsø
Reindriftsforvaltninga i Aust-Finnmark, Postboks 174, 9735 Karasjok
Områdestyret for reindrift i Aust-Finnmark, Postboks 174, 9735 Karasjok
Fylkesmannen i Finnmark, Statens Hus, 9815 Vadsø
Finnmark fylkeskommune, Henry Karlsens plass 1, 9815 Vadsø
Sametinget, Miljø- og kulturavdelinga, 9840 Varangerbotn
Forsvarsbygg, ved Arne Lutnæs, Postboks 4394, 2308 Hamar
Forsvarsdepartementet, Postboks 8126, 0032 Oslo
Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Postboks 8019 Dep, 0030 Oslo
Landbruks- og matdepartementet, Postboks 8007, 0030 Oslo
Miljøverndepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 Oslo
Nordkapp Reiselivsforum, Postboks 260, 9751 Honningsvåg
Stål Abrahamsen, Postboks 16, 9751 Honningsvåg
Nordkapp Radio, 9751 Honningsvåg
NVE, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, med sakas dokument

Adresseliste

Statkraft Development AS, Postboks 200 Lilleaker, 0216 OSLO

Nordkapp kommune, ved ordføreren, Postboks 403, 9751 HONNINGSVÅG